



Aslaug Lyse i blomegruppa kan allereie gle seg over dei første vårblomane i hagen sin ved Solheim Turiststasjon. (Foto: Ola Matti Mathisen)

No er det fire år sidan uskedelingane var gavmilde og gav sin skjerv til sommarleg blomeprakt i bygda. Men snart er blomkontoen tom og du må gi din skjerv att hvis det skal bli blømande og fint også våren og sommaren 2008!

Det er Aslaug Lyse og Gunn Mari Moberg i blomegruppa under Uskedalen Utvikling som fortel om den aktuelle situasjon til uskedalen.no. Dei ber om bidrag på konto 3460.1189595 og pengane bør koma inn snarast hvis det skal bli påskeliljer langs riksvegen dette året. Kjem det ikkje inn nok på denne måten, må ein til med utsending av giroar – som for fire år sidan – for å sikra at det blir blømande og fint langs vegen frå Rød til Eidsvik gjennom sommaren.

Det starta altså i 2004 med at "Prosjektgruppa for eit blømande sentrum" vart vald. Gruppa gjennomførte ein innsalingsaksjon både til plantar og velkommen-skilta som Tor H. Myklebust måla. Det kom inn ein imponerende sum, faktisk over 21.000 kroner, og først no tek det til å bli ebbe i kassa.

- Vi treng ikkje berre pengar, vi treng også folk som er viljuge til dugnadsinnsats sommaren igjennom, seier Aslaug. Ho siktar då til nokon som kan stilla opp og vatna blomane. Nokre har ho på lista si, men ho vil helst ha fleire, som meldar seg til henne eller Gunn Mari.

I fjor gjorde den blømande Uskedalen eit stort steg framover då ovalen ved busshaldeplassen vart vakkert beplanta. Det gjekk med rundt 6.000 kroner til det prosjektet og her må det vedlikehald til framfor ein ny sesong. .

Av Ola Matti Mathisen